



Julebua imponerar også i år, både med svevande nisse og anna

Kvar kan ein komma i skikkeleg julestemning allereie no, 2 veker før jul? Ingen tvil, det er i julebua til Lise som imponerar også dette året. Nek og 2 julepynta vindaug slår an juletonen før du stig inn og vel inne er inntrykka mange.

Englane står i kø og nissane er spreke - nokre av dei har til og med opphevd tyngdekrafta. Men det stoppar ikkje med det.



[Englane står i kø hos Lise](#)

Det er også noko for ganen. Te frå Haugesund luktar himmelsk og dei gode gamle sukkertøy smakar enda betre. Glutenfri fårepølse frå Evanger høyrer også med til julekosten, Likevel er det noko anna som pirrar kjøpelysten meir. Det er eit lågt, ovalt bord der ein treskjerar har gjort eit underverk. Bordet kan neppe vera laga andre stader enn i Kina. Du verden for ei julegåve hvis du har god råd!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



[Kva med ei julegåve frå Kina?](#)

